



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1892 - 17/24342

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

30.08.2017

## Oversending merknader og vurdering av søknad knytt til utviding av areal for lokalitet Ospeneset

Me viser til dykkar oversending av søknad om utviding av areal for lokalitet Ospeneset i Lindås kommune. Søknaden har lagt på høyring i 4 veker på heimesidene til kommunen og det har vore annonsert i avisene Strilen og Nordhordland i tillegg til Norsk Lysingsblad. Kommunen har motteke 2 merknader til handsaminga etter akvakulturlova som ligg vedlagt.

Kommunen har vidare sett på den aktuelle søknaden og vil peike på at det aktuelle området er under regulering gjennom reguleringsplan for Langøy-Ospeneset akvakulturområde som fylkeskommunen nok er kjent med. Planstatus for det aktuelle området er soleis under avklaring, og fram til godkjent reguleringsplan er på plass ligg det aktuelle arealet innanfor område som er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag. Ei utviding av anlegget er soleis avhengig av godkjent reguleringsplan før ein kan etablere nytt utvida anlegg. Kommunen har som målsetting å få opp reguleringsplanen til handsaming i plan- og miljøutvalet 19. september, og dersom planen vert sendt vidare derifrå vil endeleg vedtak vere i kommunestyret 21. september.

Lindås kommune vil vidare oppfordre fylkeskommunen til å følgje opp vidare innspelet frå Storelva Elveeigarlag i høve naudsynte tiltak for bøte på moglege verknader akvakulturverksemda på Ospeneset og Langøy på fiskebestanden i Storelva. Kommunen har hatt folkemøte i samband med høyringa av reguleringsplanen for dei to lokalitetane, og fekk der mellom anna innspel på at lusesituasjonen i elva var blitt forverra og at det var dårleg kommunikasjon mellom Eide Fjorbruk som driftar anlegga, men også fylkeskommunen som gir løyve etter akvakulturlova. Det vil vere ei føremon om fylkeskommunen gjennom si handsaming av søknaden kan sette vilkår for oppfølging av dialog mellom aktørane og sjå på moglege tiltak for å forbetre/kartlegge tilhøva i Storelva. Kommunen kan truleg ikkje sette vilkår knytt til drift på anlegga og denne drifta si påverking på omgjevnadane gjennom handsaminga av reguleringsplanen og vil difor oppmode fylkeskommunen til å ta tak i problemstillinga.

Oppsummert har Lindås kommune merknad knytt til at det må føreligge godkjent reguleringsplan før utviding av anlegget kan godkjennast av fylkeskommunen, og ynskjer at fylkeskommunen legg til rette for dialog og eventuelle tiltak for å betre tilhøva i Storelva gjennom si handsaming etter akvakulturlova.

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedlagt er også merknader som er kome inn i samband med handsaminga av reguleringsplanen som kan vere relevante for handsaming etter akvakulturlova.

Med helsing

Christian H. Reinshol  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Merknad til Høring av søknad om utviding av akvakulturanlegg etter akvakulturlova, lokalitet Ospeneset  
Ospeneset 2017

Merknader til reguleringsplan Langøy-Ospeneset

**Kopi til:**

Eide Fjordbruk AS  
Hordaland fylkeskommune  
Storelva Eigarlaget

**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune                      Postboks 7900                      5020                      BERGEN